

Språkplan 2026-2030- Barnehage og skule Sveio kommune



«Alle born og elevar får utvikle eit rikt og funksjonelt språk, slik at dei kan ta del i læring, leik og fellesskap gjennom heile barnehagen, grunnskulen, SFO og kulturskulen»



Innhold

Del 1: Plan for arbeid med språk og språkutvikling i barnehage	2
Ha kunnskap om meg!	2
Snakk med meg, lytt til meg, forstå meg!	3
Lag gode stimulerande språkmiljø for meg!	6
Leik med meg !	8
Les med meg!	10
Jobb saman med foreldra mine!	13
DEL 2. Plan for språk, lesing og skriving i skulane i Sveio kommune	15
1. Kompetansemål etter 2. steg	17
2. Kompetansemål etter 4. steg	23
3. Kompetansemål etter 7. steg	29
4. Kompetansemål etter 10. steg	38
5. Vurdering for læring	46
6. Ressurssamling for språk- og leseopplæring	47
■ Nasjonale fagressursar	47
📖 Litteratur og leseglede	47
🧠 Språk og grammatikk	47
🌐 Fleirspråklegheit og tilpassa opplæring	47
🔍 Utforskande læring	48



Del 1: Plan for arbeid med språk og språkutvikling i barnehage

Ha kunnskap om meg!

«Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling».

Rammeplan barnehage

**Personalet har kunnskap om barns
korleis ein kan støtte denne i praksis**

Korleis:

- Delta i faglege samtalar og refleksjonar om barns språklege utvikling.
- Hent inn ny kunnskap frå faglitteratur, kurs og rettleiing.
- Reflekter over eiga rolle som språkmodell i kvardagen.

språkutvikling og

**Personalet brukar observasjon og
verktøy for å forstå korleis barn
leik og kvardagsaktivitetar**

Korleis:

- Bruk observasjon som utgangspunkt for å tilpasse språkstøtte til det enkelte barnet.
- Lag enkle refleksjonsnotat etter observasjonar som kan delast i personalmøte.
- Bruk observasjonar til å identifisere barn som treng ekstra støtte, og drøfte vidare tiltak på avdelinga.
- Involver føresette i samtalar om språkleg utvikling og behov for vidare oppfølging.
- Diskuter når og korleis kartleggingsverktøy kan nyttast på ein god måte.
- Nytt kartlegging ved behov for å få eit meir systematisk bilete av barnet si språklege utvikling.

**kartlegging som
kommuniserer i**



Personalet fangar opp og støttar barn utfordringar, barn som er lite språkleg språkutvikling

Personalet har kunnskap om korleis fleirspråklege barn både på morsmål synleggjer språkleg mangfald

Snakk med meg, lytt til meg, forstå
«Personalet skal vere lydhøyre for kva prøve å oppfylle behovet deira for måte»

Korleis:

- Legg til rette for språkstimulerande leik der barna får støtte til å uttrykkje seg.
- Bruk konkretar, bilete og visuell støtte for å fremje forståing og deltaking.
- Inviter barn med lite språkleg initiativ inn i leik og samtale gjennom felles opplevingar og felles fokus.
- Samarbeid med PPT, spesialpedagog eller logoped for å utvikle gode språklege tiltak.

Korleis:

- Bruk enkle ord og uttrykk på barnas morsmål i kvardagen – t.d. helsingar, namn på mat eller leiker.
- Involver føresette i å dele songar, eventyr eller mattradisjonar frå heimen.
- Lag språkstasjonar eller temavegger som viser fram ulike språk og kulturar i barnegruppa.
- Bruk digitale verktøy eller bøker på fleire språk for å støtte forståing og identitet

med språklege aktive eller har sein

dei kan støtte og på norsk, og

meg!
barna uttrykkjer, og omsorg på ein god

Rammeplan barnehage



Personalet er lydhøyre for barnas verbale uttrykk

Korleis:

- Observer kroppsspråk, mimikk og stemning for å forstå kva barnet prøver å kommunisere.
- Bekreft barnets uttrykk med ord: «Eg ser at du blei lei deg», «Du viser meg at du vil vere med».
- Bruk augekontakt, roleg stemme og nærleik for å vise at du lyttar og bryr deg.
- Gje barnet tid til å uttrykkje seg – ikkje avbryt eller fullfør setningar for dei.

verbale og non-

Personalet møter barnet med språk kjensler og behov

Korleis:

- Set ord på kjensler og behov: «Du blei sint fordi nokon tok leika di», «Du er svolten, og no er det straks mat».
- Bruk språk som fremjar tryggleik og forståing, ikkje berre rettleiing og instruksjon, sjå barnet bak åtferda.
- Bruk bøker og bilete som utgangspunkt for å snakke om kjensler og relasjonar.
- Hjelp barna å finne ord for det dei føler og opplever – både i lek og konflikt.

som støttar



**Personalet legg til rette
for samtalar der barna
kjenner seg høyrte og forstått**

Korleis:

- Skap rom for kvardagslege samtalar – ikkje berre i samlingsstund, men i garderoben, ved bordet, på tur.
- Still opne spørsmål og følg opp det barna seier med interesse og undring.
- Bruk «ventetid» – gi barna tid til å svare og tenkje.
- La barna få vere med å påverke kvardagen gjennom samtale og medverknad.

**Personalet støttar barn i å uttrykkje seg
andre**

Korleis:

- Bruk bøker og bilete som utgangspunkt for å snakke om sosiale relasjonar.
- Hjelp barna å finne ord for det dei kjenner og opplever – både i leik og konflikt.
- Modellér korleis ein kan bruke språk for å løyse konflikter og uttrykkje behov.
- Bruk leik som arena for å øve på turtaking, lytting og å setje ord på eigne og andre sine kjensler.
- Bruk visuelle støtteverktøy (t.d. kjenslekort, samtalekort) for barn som treng det.

i samspel med

Personalet bygg relasjonar gjennom

Korleis:

- Bruk namnet til barnet ofte og med varme – det styrkjer tilknytning og identitet.
- Del små historier frå kvardagen med barnet – vis at du ser og hugsar det som er viktig for dei.
- Vis at du lyttar ved å stille oppfølgingsspørsmål og vise interesse for det barnet fortel.
- Styrk relasjonen ved å skape felles opplevingar og vis interesse for det barnet likar å gjere.

språk og lytting



Lag gode stimulerande språkmiljø for meg!

«Barnehagen skal vere ein språkstimulerande arena der barna får oppleve eit rikt språkmiljø og utvikle eit variert språk gjennom heile barnehagetida»

Rammeplan barnehage

**Personalet skapar eit fysisk miljø
språkleg utforskning og samtale**

Korleis:

- Plasser bøker i barnehøgda og i ulike rom – ikkje berre i lesestolen.
- Lag temakrokar (t.d. butikk, bibliotek, dyr, verkstad) som inviterer til rolleleik og samtale med utgangspunkt i barna sine interesser.
- Bruk visuelle støtteverktøy som biletkort, symbol og teikningar for å støtte språk og forståing.
- Legg til rette for gode samtalar ved å gi tid og rom, hindre forstyrringar og støtte ved behov.

som inviterer til

**Personalet brukar
som arena for språkleg**

Korleis:

- Set ord på det som skjer i situasjonar som måltid, påkledning, rydding og tur.
- Bruk rutinar som faste songar, rim eller reglar for å støtte språk og struktur.
- Still opne spørsmål og vent på svar – gir barna tid til å tenkje, forklare og formulere seg.
- Bruk kvardagslege gjenstandar som utgangspunkt for samtale og undring.

**kvardagsaktivitetar
stimulering**



Personalet legg til rette for leik utvikling

Korleis:

- Tilby materiell som stimulerer til språkleg samspel – t.d. dokker, figurar, telefonar, utkleiding.
- Delta i leiken og støtt barna i å bruke språk for å uttrykkje idear, kjensler og reglar.
- Bruk leik som arena for å introdusere nye ord og omgrep i ein meningsfull kontekst.
- Gje rom for både frileik og strukturert språkstimulerande leik i små grupper.

som fremjar språkleg

Personalet skapar eit sosialt miljø tilhøyrse og språkleg inkludering

Korleis:

- Bruk namn, augekontakt og anerkjennande språk for å styrke relasjonar og identitet.
- Gje alle barn høve til å bli høyrde – også dei som ikkje tek ordet på eige initiativ.
- Bruk språk som inkluderer og bygg fellesskap – t.d. «vi», «saman», «kva meiner du?»
- Legg til rette for språkleg støtte i overgangar og utfordrande situasjonar.

prega av tryggleik,

Personalet reflekterer jamleg over tilpassar det til barnas behov

Korleis:

- Bruk observasjon og refleksjon i personalgruppa for å vurdere korleis språkmiljøet fungerer.
- Involver barna i å forme miljøet – kva likar dei å leike med, snakke om, utforske?
- Juster materiell og innhald etter barnas språklege nivå og interesser.
- Del erfaringar og idear i personalmøte for å utvikle felles språkpraksis.

språkmiljøet og



Leik med meg !

«Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling»
Rammeplan barnehage

Personalet legg til rette for språkstimulering og leik i små grupper utgangspunkt i barnet si utvikling, interesser

Korleis:

- Bruk observasjon for å identifisere interesser og språklege behov til barna.
- Set saman små grupper med barn som kan utfylle kvarandre språkleg og sosialt.
- Tilby leikemateriell som stimulerer til samtale og samarbeid, t.d. rolleleik, byggesett, biletkort.
- Bruk leik som arena for å introdusere nye ord og omgrep i ein meningsfull kontekst.

systematisk med erfaringar og

Personalet er aktivt deltakande i leik ord på det som skjer

Korleis:

- Ver fysisk og språkleg til stades i leiken – kommenter handlingar og set ord på kjensler og intensjonar.
- Bruk opne spørsmål som inviterer barna til å uttrykkje seg og tenkje høgt.
- Spegle barnas språk og utvide det med nye ord og setningsstrukturar.
- Delta i leik utan å ta over – følg barnas initiativ

og aktivitet og set

Personalet skapar engasjement, og humor gjennom leiken

Korleis:

- Bruk humor og leik med språk t.d. rim, tulleord, fantasileik.
- Vis glede og entusiasme når du deltek i leik – smil, le og undre deg saman med barna.
- Bruk musikk, rytme og bevegelse som inngang til språkleg leik.
- Skap leikemiljø som inviterer til utforsking og kreativitet, t.d. temakrokar eller overraskande element.

begeistring, glede



**Personalet skapar gode leikemiljø
i barna sine interesser**

Korleis:

- *Observer kva barna er opptekne av og tilpass leikemiljøet deretter – t.d. dyr, transport, butikk.*
- *La barna vere med på å forme leikemiljøet – t.d. gjennom å lage rekvisittar eller velje tema.*
- *Bruk ulike soner i rommet til å stimulere ulike former for leik – t.d. lesesone, byggesone, rollespel.*
- *Roter materiell og innhald jamleg for å halde på interessa og stimulere til ny leik.*

med utgangspunkt



Les med meg!

«(...) barna opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale»

Rammeplan barnehage

Personalet nyttar varierte kombinerer bøker og lesing med rim og regler

Korleis:

- *Bruk høgtlesing saman med rytmeinstrument, bevegelse eller dramatisering for å levandegjere innhaldet.*
- *Kombiner lesing med songar og rim som har tematisk tilknytning til boka.*
- *La barna vere med på å lage eigne versjonar av kjende forteljingar gjennom lek og improvisasjon.*
- *Bruk digitale bøker, lydforteljingar eller prosjektor for å variere formidlinga.*

formidlingsformer og song, lek,

Personalet les for barna og har samtalar kring bøker

Korleis:

- *Still opne spørsmål før, under og etter lesing for å stimulere til refleksjon og samtale.*
- *Bruk dialogisk lesing som metode, der barna deltek aktivt med tankar og spørsmål.*
- *La barna velje bøker sjølve og legg til rette for samtalar om det dei undrar seg over.*
- *Bruk lesestunder som utgangspunkt for vidare lek eller prosjektarbeid.*



**Personalet sørgjer for
eit tilpassa, rikt og tilgjengeleg utval
songar**

Korleis:

- *Ha bøker tilgjengelege i ulike delar av barnehagen – ikkje berre i leseroken.*
- *Vel bøker som speglar mangfald i språk, kultur, kjensler og erfaringar.*
- *Roter bokutvalet jamleg og tilpass det til årstid, tema og barnas interesser.*
- *Involver barna i å lage sine egne bøker eller bildeforteljingar.*
- *Still opne spørsmål før, under og etter lesing for å stimulere til refleksjon og samtale.*
- *La barna velje bøker sjølve og legg til rette for samtalar om det dei undrar seg over.*
- *Bruk lesestunder som utgangspunkt for vidare leik eller prosjektarbeid.*

av bøker, bilete og

**Personalet les bøker
med barna og brukar bileta aktivt for å
støtte forståing**

Korleis:

- *Peik på og snakk om bileta under lesing – kva skjer her? Kva trur de kjem til å skje?*
- *Bruk bileta som støtte for å forklare nye ord og omgrep.*
- *La barna «lese» bileta sjølve og fortelje med egne ord.*
- *Bruk bøker utan tekst som utgangspunkt for samtale og forteljing.*



Personalet legg til rette for at barna historier med egne ord eller gjennom

Korleis:

- *Bruk konkretar, figurar eller teikningar for å støtte gjenforteljing.*
- *La barna dramatisere forteljingar i lek – t.d. med utkledding eller dokker.*
- *Lag forteljingsstasjonar der barna kan «lese» for kvarandre.*
- *Bruk sekvenskort eller biletkort for å støtte struktur i gjenforteljinga.*

**gjenfortel
lek**

Personalet brukar eventyr, rim og regler som ein naturleg del av kvardagen

Korleis:

- *Bruk song, rim og regler t.d. i samling, overgangssituasjonar eller i andre faste aktivitetar.*
- *Bruk eventyr som utgangspunkt for lek, forming eller samtale.*
- *La barna lage egne rim og regler og bruke dei i lek.*
- *Lag tøyseord og tøyserim saman med barna.*



Jobb saman med foreldra mine!

Foreldra og barnehagen har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg

Rammeplan barnehage

Personalet bygg tillit og gode gjennom open og respektfull

Korleis:

- Møt føresette med varme, interesse og respekt i kvardagslege møtepunkt.
- Bruk eit språk som er inkluderande og forståeleg – unngå faguttrykk utan forklaring.
- Vis interesse for heile barnet.
- Del små kvardagsglimt og positive observasjonar.
- Bruk foreldresamtalar som ein arena for gjensidig dialog, ikkje berre informasjon.

relasjonar til føresette kommunikasjon

Personalet deler observasjonar om barnet si språklege og sosiale utvikling på ein anerkjennande måte

Korleis:

- Del konkrete døme frå kvardagen som viser barnet si utvikling og deltaking.
- Bruk bilete, teikningar eller små historier i samtale med føresette.
- Gje rom for at føresette kan dele sine observasjonar og erfaringar frå heimen.
- Bruk utviklingssamtalar til å drøfte språkleg utvikling på ein støttande og løysingsorientert måte.

og innsikt

Personalet inviterer føresette til å bidra med ressursar

Korleis:

- Spør føresette om ord, songar eller forteljingar på morsmålet som kan brukast i barnehagen.
- Inviter til temadagar, lesestunder eller mataktivitatar der føresette kan dele frå sin kultur.

språklege og kulturelle



**Personalet støttar
føresette i å vere språklege**

Korleis:

- *Del enkle tips til korleis ein kan støtte språkutvikling i kvardagen t.d. gjennom samtale, lesing og leik.*
- *Gje tilgjenge til bøker som føresette kan låne med heim eller gi tips til bøker ein kan låne på biblioteket.*
- *Bruk digitale plattformer eller månadsbrev til å dele språklege aktivitetar og idear.*
- *Tilpass informasjon og rettleiing til føresette med ulik språkkompetanse. Bruk tolk ved behov.*
- *Bruk foreldremøte til å vise korleis barnehagen arbeider med språk og leik.*

rollemodellar for barna

**Personalet legg til rette for
og samarbeid om barnet si**

Korleis:

- *Involver føresette i planlegging av overgangar, tilrettelegging og tiltak.*
- *Bruk foreldresamtalar til samtale og samarbeid kring barnet sitt utviklingspotensialet.*
- *Gje føresette høve til å kome med innspel til barnehagen sitt arbeid med språk og leik.*
- *Vis at føresette sin kunnskap om barnet er verdifull og blir tatt på alvor.*

**gjensidig medverknad
utvikling**



DEL 2. Plan for språk, lesing og skriving i skulane i Sveio kommune

Plan for språk, lesing og skriving i Sveio kommune 2025-2029 er eit pedagogisk verktøy som skal støtte lærarar i arbeidet med å utvikle elevane sine språklege dugleikar frå 1. til 10. trinn. Føremålet med planen er, i tråd med overordna del av LK20, at *«Opplæringa skal sikre at elevane blir trygge språkbrukarar, at dei utviklar den språklege identiteten sin, og at dei kan bruke språk for å tenkje, skape meaning, kommunisere og knyte band til andre»*. Vidare understrekar planen den sentrale tydinga lesing og språkarbeid har gjennom heile opplæringsløpet.

Planen er bygd på kompetansemåla i læreplanen for norskfaget (LK20) og er strukturert etter dei seks kjerneelementa i faget:

1. Tekst i kontekst
2. Kritisk tilnærming til tekst
3. Språket som system og moglegheit
4. Skriftleg tekstskaping
5. Munnleg kommunikasjon
6. Språkleg mangfald

Planen konkretiserer kompetansemåla gjennom tydelege læringsmål og grunnleggjande dugleikar, og gir døme på tiltak som kan nyttast i undervisninga. Sjølv om planen byggjer på læreplanen for norskfaget, er språkopplæring eit felles ansvar. Lesing og skriving er grunnleggjande dugleikar som er avgjerande for å kunne tileigne seg kunnskap, uttrykkje eigne tankar og meistre faglege utfordringar. Arbeidet med språk, lesing og skriving må derfor integrerast i alle fag. Gjennom systematisk arbeid med fagomgrep, teksttypar og munnleg og skriftleg kommunikasjon, får elevane høve til å utvikle språklege dugleikar som støttar læring og forståing. Dette krev at alle lærarar ser seg sjølve som språklege rettleiarar og legg til rette for språkstimulerande undervisning i sitt fag. Målet er å sikre ei heilskapleg og systematisk språkleg utvikling hos elevane, med vekt på både lesing, skriving, munnleg kommunikasjon og språkforståing.



Språkplanen legg vekt på:

1. Språk, lesing og skrivning som sentrale komponentar i alle skulefag
2. Tilpassa opplæring
3. Vurdering for læring
4. Leseglede og motivasjon
5. Styrking av fleispråklege elevar si språkutvikling

Planen skal vere eit dynamisk dokument som kan tilpassast lokale behov og elevgrupper, og som støttar lærarar i å planleggje, gjennomføre og evaluere språkleg opplæring på ein målretta og inkluderande måte.



1. Kompetansemål etter 2. steg

Kjerneelement - Tekst i kontekst		
Kompetansemål etter 2. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • trekkje bokstavlydar saman til ord under lesing og skriving • leike med rim og rytme og lytte ut språklydar og stavingar i ord • uttrykkje tekstopplevingar gjennom lek, song, teikning, skriving og andre kreative aktivitetar • lytte til og samtale om skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk • låne og lese bøker frå biblioteket • lese med samanheng og forståing på papir og digitalt og bruke enkle strategiar for leseforståing	Eleven skal: • kunne skjønne samanhengen mellom språklydar og bokstavar • kunne lese nokre høgfrekvente ikkje-lydrette ord ortografisk • kunne lese vanlege ord med automatikk • oppleve glede, nyfikkne og interesse for bøker • knyte det som blir lese, til eigne røynsler og tidlegare kunnskap • kunne lytte til tekstar i ulike sjangrar, forstå innhaldet og snakke om kva dei handlar om • gjere seg kjend på biblioteket • kunne vurdere føremålet med lesinga i lag med læraren • kunne delta i samling, vere ein aktiv lyttar og komme med eigne tankar kring ulike tekstar	Læraren bør: • gå gjennom alle bokstavane i løpet av 1. klasse • bruke ordleik og regelleik • lese høgt for elevane • nytte ulike spel og leikprega aktivitetar • la elevane vere med på å lage eigne versjonar av kjende forteljingar gjennom lek og improvisasjon • ha bibliotektid saman med klassen der ein finn rett bok til eleven ut i frå interesser og nivå • bruke digitale bøker, lydforteljingar eller digital tavle for å variere formidlinga • bruke observasjon som utgangspunkt for å tilpasse språkstøtte til den enkelte eleven • involvere føresette i samtalar om utvikling av språk- og lesedugleikar og behov for vidare oppfølging • diskutere når og korleis kartleggingsverktøy kan nyttast på ein god måte • bruke kartlegging ved behov for å få eit meir systematisk bilete av eleven si språklege utvikling • ha jamlege samlingar med fast struktur



Kjerneelement – Kritisk tilnærming til tekst		
Kompetansemål etter 2. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • samtale om og beskrive korleis ord vi bruker, kan påverke andre • ha medvit om eigen språkbruk • forstå at ord kan ha stor påverknad på dei rundt oss – dei kan såre og glede	Eleven skal: • øve elevane på sosiale dugleikar gjennom til dømes bruk av film, læringsspel og skriftlege tekstar	Læraren bør: • nytte rollespel, kor hensikta er å snakke saman på eit språk som passar, for å forstå at vi endrar språk etter kven vi er og kven vi snakkar med • øve på høflegheitsfrasar

Kjerneelement - Språket som system og moglegheit		
Kompetansemål etter 2. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • leike med rim og rytme og lytte ut språklydar og stavingar i ord • bruke store og små bokstavar, punktum, spørsmålsteikn og utropsteikn i tekstar og samtale om eigne og andre sine tekstar • utforske og samtale om oppbygginga av og betydninga til ord og uttrykk	Eleven skal: • kunne knyte namn og lyd til alle bokstavane • kunne kjenne att store og små bokstavar • kunne lytte ut lydar; først, inni og sist i ord • kunne leggje til og ta bort lydar i eit ord • kunne dele ord inn i mindre delar (morfem – staving – lyd) • kunne forklare kva eit samansett ord er • kunne forklare kva ei setning, eit ord og ei staving er • kjenne leseretninga på norsk • utvikle sikker lyd-bokstavbinding og lære å bruke bokstavane i skriftspråklege samanhengar	Læraren bør: • la elevane skrive eigne tekstar med fokus på bruk av store og små bokstavar, punktum, spørsmålsteikn og utropsteikn • la elevane dagleg utforske språk og omgrep når det blir lese, skrive, snakka eller leika med ord • la elevane møte store og små bokstavar i skrift • utvide ordforrådet til elevane gjennom dagleg vokabulartrening. • utvide forståinga av ord i elevane sine lesetekstar ved hjelp av synonym og antonym • kategorisere ord og omgrep t.d. gjennom omgrepskart, (strukturert) tankekart og to-kolonnenotat



utforske eige talespråk og samtale om forskjellar og likskapar mellom talespråk og skriftspråk	- kunne trekkje saman lydar til ord/non-ord med og utan visuell støtte - kunne skilje mellom vokalar og konsonantar - avkode enkle ord og skjøne kva dei tyder - spørje kva nye ord tyder - lese enkle tekstar med forståing - ha forståing for at språket har ei formside og ei innhaldsside	- nytte språkleikar dagleg - nytte alfabetøvingar - arbeide systematisk med høgfrekvente ord ved til dømes å ha ord på vekeplanen - nytte høgtlesing, rettleia lesing og korlesing ut frå nivå - la elevane trene munnleg framstilling av kjende tema i eit situasjonsuavhengig språk - leggje til rette for leseaktivitetar og ha rikeleg og lett tilgang til variert og høveleg lesestoff - presentere ulike sjangrar som eventyr, rim, reglar, gåter, vitsar, fakta, lister og plakatar - nytte skulebibliotek og folkebibliotek - arbeide med førforståing, innhaldsforståing og å lage hypotesar - arbeide medvite og systematisk med omgrep ut frå barnet sine egne røynsler - nytte eigenproduserte tekstar til lesing - fortelje att tekstar munnleg, skriftleg eller med teikningar - nytte enkle lesetekstar for å finne den einskilde eleven sitt meistringsnivå og eventuelle avsporingar i leseutviklinga - leggje til rettes for at fleirspråklege elevar blir motiverte ved å få ei positiv tilnærming til lesing på morsmålet
--	--	--

Kjerneelement – Skriftleg tekstskaping		
Kompetansemål etter 2. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:	Eleven skal:	Læraren bør: la elevane lytte til høgtlesing kvar dag



• trekkje bokstavlydar saman til ord under lesing og skriving • beskrive og fortelje munnleg og skriftleg • skrive tekstar for hand og med tastatur • bruke store og små bokstavar, punktum, spørsmålsteikn og utropsteikn i tekstar og samtale om eigne og andre sine tekstar • lage tekstar som kombinerer skrift med bilete	• kunne skrive alle bokstavane i alfabetet med både store og små bokstavar for hand og på tastatur • kunne binde saman lydar til ord • kunne skrive punktum, spørsmålsteikn og utropsteikn • øva inn ei funksjonell handskrift • kunne nytte bokstavane i skriftspråklege samanhengar • skrive enkle samansette tekstar både for hand og på tastatur • skrive eigne tekstar etter modelltekstar	• la elevane lese sjølv på tilpassa nivå kvar dag • la elevane uttrykkje eigne tekstopplevingar gjennom ord, teikning, song og andre estetiske uttrykk • la elevane arbeide med blyantgrep • la elevane øve dagleg på å skrive bokstavane • la elevane øve på å setje bokstavar saman til ord når ein skriv, og nytte mellomrom • la elevane skrive seg til lesing, aleine eller i lag med andre • la elevane bli kjende med vokalar, konsonantar og diftongar • arbeide med stavingsdeling • arbeide systematisk med høgfrekvente ord • ha tilgjengeleg eit utval av bøker/tekstar med ulike tema
--	---	--

Kjerneelement – Munnleg kommunikasjon		
Kompetansemål etter 2. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • lytte, ta ordet etter tur og grunngi eigne meiningar i samtalar • beskrive og fortelje munnleg og skriftleg	Eleven skal: • vere ein aktiv lyttar, og kunne vente på tur i samtalar • kunne delta i samtalar i klassen og i små grupper	Læraren bør: • leggje til rette for språkstimulerande leik der elevane får støtte til å uttrykkje seg • samarbeide med PPT, spesialpedagog eller logoped for å utvikle gode språklege tiltak ved behov



	• seie meininga si og grunngje denne • halde seg til temaet i ein samtale	• skape rom for kvardagslege samtalar til dømes i garderoben, i friminutt og på tur • stille opne spørsmål og følgje opp det elevane seier med interesse og undring • bruke «ventetid» - gi elevane tid til å tenkje og svare • gi alle elevar høve til å bli høyrde- også dei som er stille, nye eller fleirspråklege • vise at ein lyttar ved å stille oppfølgingsspørsmål og vise interesse for det barnet fortel • la elevane vere med på å påverke kvardagen gjennom samtale og medverknad • bruke bøker og bilete som utgangspunkt for samtalar • delta i lek og støtte elevane i å bruke språk for å uttrykkje idear, kjensler og reglar • bruke lek som arena for å introdusere nye ord og omgrep i ein meningsfull kontekst • gi rom for både frileik og strukturert språkstimulerande lek i små grupper • aktivere forkunnskap før klassesamtalar om faglege tema • ha korte økter der elevane byter på å seie noko om eit gitt tema • la elevane gje respons på andre elevar sine innspel i klassesamtalar • la elevane drive med attforteljing
--	---	--

Kjerneelement - Språkleg mangfald		
Kompetansemål etter 2. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne:	Eleven skal: • kjenne til at me har ulike dialektar	Læraren bør:



• utforske eige talespråk og samtale om forskjellar og likskapar mellom talespråk og skriftspråk	• kjenne til at me somme gonger ikkje skriv orda på same måte som me seier dei • forstå at me kan endra talespråk etter kven me snakkar med • samtale om og diskutere desse forskjellane og likskapane	• la elevane lytte til songar på ulike dialekter og diskutere kva som er likt eller ulikt korleis me sjølv snakkar • samtale om ulike dialektar som elevane kjenner til • nytte enkle tekstar til å samanlikne talespråk og skriftspråk
--	--	---



2. Kompetansemål etter 4. steg

Kjerneelement - Tekst i kontekst		
Kompetansemål etter 4. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • lese og lytte til forteljingar, eventyr, songtekstar, faktabøker og andre tekstar på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og samtale om kva tekstane betyr for eleven • velje bøker frå bibliotek ut frå egne interesser og lesedugleik • lese tekstar med flyt og forståing og bruke lesestrategiar målretta for å lære • utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skriving, leik, bevegelse og andre kreative uttrykk	Eleven skal: • vite kva som er forskjellen mellom skjønnlitteratur og sakprosa • bli kjend med sjangeren eventyr og kunne fortelje om kjenneteikn og oppbyggnad • bli kjend med songtekstar og forstå korleis dei er bygd opp med rim og rytme • oppleve glede, nyfikkne og interesse for bøker • vere medviten eigen leseprosess og ha metakognitiv dugleik • kunne bruke søkemaskin på biblioteket og forstå korleis bøkene er sett i system • kunne lese med medvite mål; for å lære, gjere og oppleve • kunne lese setningar sikkert med flyt, intonasjon og forståing • kunne knyte det som blir lese, til egne erfaringar og tidlegare kunnskap • kunne ta i bruk forkunnskapar og skaffe seg oversyn over teksten før lesing • kunne finne nøkkelord i ein tekst • kunne nytte strategiar for lesing av vanskelege ord • kunne finne informasjon i samansette tekstar • kunne samtale om innhaldet i ein tekst	Læraren bør: • la elevane lese dagleg på papir og/eller skjerm • la elevane lese tekstar av ulike sjanger; eventyr, rim, dikt, gåter, vitsar, fakta, lister, brev, avis, intervju, forteljing osv. • la elevane lese ikkje-kontinuerlege tekstar; tabellar, diagram, statistikk, brukarmanualar osv. • gi elevane hjelp til å velje tekstar og bøker på eit nivå som er med på å gje meistring • leggje til rette for leseaktivitetar og ha rikeleg og lett tilgjenge til variert og høveleg lesestoff gjennom mellom anna bruk av skulebiblioteket • jobbe med tiltak som bok-kafé, "Forfattar i fokus" og lesekampanjen "Nyles" • arbeide med tekststrukturelle verkemiddel (bilete, overskrifter osv.) • jobbe med ordforråd og vokabulartrening • la elevane samtale om og stille spørsmål om innhaldet i ein tekst • la elevane teikne eit hendingskart over innhaldet i ein forteljande tekst



	• kunne oppfatte «den raude tråden» gjennom hendingane i ein tekst • kunne lese mellom linjene og trekkje slutningar • kunne gjere noko aktivt når forståinga sviktar som t.d. lese på ny eller slå opp ukjende ord • kunne forstå at ein kan nytte ulike kjelder for å tileigne seg informasjon. • bli kjend med og nytte enkelte læringsstrategiar • kunne dra nytte av tekststrukturelle verkemiddel som bilete/overskrift/kursiv	• la elevane nytte læringsstrategiar som aktiverer forkunnskap, omgrepskart, tankekart, attforteljning/samandrag • la elevane bli kjende med og prøve ut styrkenotat, spoletekst, VØL/VØSL og venn-diagram • la elevane vere med på å lage eigne versjonar av kjende forteljingar gjennom leik, improvisasjon og dramatisering • leggje til rette for at fleispråklege elevar blir motiverte ved å få ei positiv tilnærming til lesing på morsmålet
--	--	---

Kjerneelement – Kritisk tilnærming til tekst		
Kompetansemål etter 4. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • samtale om forskjellen mellom meiningar og fakta i tekstar • reflektere over korleis språkbruken vår påverkar andre, og korleis vi tilpassar og endrar språket i ulike situasjonar	Eleven skal: • vite om nokre sjangertrekk ved fagtekstar • vite at me ikkje kan stole på alle kjelder • forklare skilnaden mellom fakta og meiningar • kunna lese kritisk og reflekterande • ha medvit om eigen språkbruk og korleis språket endrar seg etter kva rolle ein er i • forstå at ord kan ha stor påverknad på dei rundt oss • reflektere over tekstar i ulike sjangrar • reflektere over at tekstar har ulike formål	Læraren bør: • la elevane lese ulike tekstar som t.d. fagtekstar, argumenterande tekstar, dagbok og rapport • la elevane skrive tekstar med ulike formål • la elevane jobbe med nettvett og kjeldekritikk, samt bli kjende med omgrepet “fake news” • nytte rolleleik. Hensikta er å snakke saman på eit språk som passar, for å forstå at vi endrar språk etter kven vi er og kven vi snakkar med



Kjerneelement – Munnleg kommunikasjon		
Kompetansemål etter 4. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • halde munnlege presentasjonar med og utan digitale ressursar • kombinere ulike uttryksformer i samansette tekstar, følgje opp innspel frå andre i faglege samtalar og stille oppklarande og utdjupande spørsmål • beskrive, fortelje og argumentere munnleg og skriftleg og bruke språket på kreative måtar	Eleven skal: • kunne lage ein enkel lysbiletepresentasjon om eit tema • kunne nytte ulike uttryksformer for å vise fram eit arbeid, tilpassa situasjon og mottakar • fortelje om eit fagleg emne ved hjelp av relevante ord og omgrep • gje uttrykk for og argumentere for eigne meiningar • gje att innhald med eigne ord og stille oppklarande og utdjupande spørsmål • lytte etter og kjenne att informasjon og argumentasjon • kunne gje og få attendemeldingar på munnlege presentasjonar • syne respekt for den som har ordet • nytte ulike uttrykksmåtar som støtte i både spontan og førebudd tale	Læraren bør: • nytte ulike uttryksformer til å informere om eit tema, som t.d. presentasjonar – PP, plakatar og teikneseriar • la elevane øve på å nytte “<i>Two stars and a wish</i>” til å gje attendemeldingar til medelevar • la elevane ha munnlege presentasjonar i par eller i grupper • la elevane nytte digitale hjelpemiddel til å lage presentasjonar, t.d. podcast eller film • la elevane øve på å diskutere på ein sakleg måte i klasserommet



Kjerneelement – Skriftleg tekstskaping		
Kompetansemål etter 4. steg	Læringsmål/Delmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • skrive tekstar med funksjonell handskrift og med tastatur • bruke komma og andre skiljeteikn i tekstar • kombinere ulike uttryksformer i samansette tekstar • beskrive, fortelje og argumentere munnleg og skriftleg og bruke språket på kreative måtar • bruke fagspråk om setningsoppbygging og bøying av verb, substantiv og adjektiv i samtalar om språk og om eigne og andre sine tekstar • utforske forskjellar og likskapar mellom skriving på hovudmål og sidemål	Eleven skal: • skrive samanhengande og forståeleg med funksjonell handskrift • skrive funksjonelt på tastatur • kunne nyttiggjere seg av digitale retteprogram i eige tekstarbeid • nytte relevante bilete når dei skriv samansette tekstar • kunne nytte verb, substantiv og adjektiv i eigne tekstar og bøye dei • gå inn i ei tydeleg skrivarrolle, til dømes elev, representant for eit idrettslag eller ein oppdikta person • utarbeide tekstar med tematisk relevant innhald • utdjupe nokre av teksten sine innhaldsmoment • revidere eige arbeid på bakgrunn av konkret og grunngjeven respons frå lærar og medelevar • forstå kvifor ein nyttar kjelder når ein skriv saktekstar • kunne hente ut enkle fakta frå kjelder og nytte desse i eige tekstarbeid • vite kva innleiing, hovuddel og avslutning er i ein tekst • kunne lage ein enkel disposisjon • presentere eigne inntrykk, erfaringar, kunnskap, tankar og meiningar • presentere kjent fagstoff • utarbeide meiningsberande setningar	Læraren bør: • la elevane lese ulike tekstar med ulike sjangrar, og snakke om kva som er typisk for sjangeren • skrive modelltekstar saman med elevane • la elevane skrive tekstar ein og ein og i grupper • la elevane kjenne til og nytte skriverammer i eigen tekstskaping • la elevane lage disposisjon, ved å t.d. introdusere “fisken” eller liknande illustrasjonar • drive med prosessskriving der eleven får attendemelding av både lærar og medelevar • nytte Gerd Fredheim sine leseopplegg • la elevane få ulike skriveoppdrag, kor dei må vere bevisste på mottakar • nytte “bil og veg” eller tilsvarande konkretiseringar av ordklassar der elevane teiknar og forklarar sjølv • ha systematisk trening på bruk av enkel og dobbel konsonant. • nytte Aski Raski og andre digitale oppgåvebankar



	• ha variert språkbruk når dei skriv egne tekstar • få kunnskap om dei ulike skriftspråka og nokre likskapar og skilnadar mellom dei • argumentere for og mot, og grunngje ulike synspunkt	
--	--	--

Kjerneelement - Språket som system og moglegheit		
Kompetansemål etter 4. steg	Læringsmål	Tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • beskrive, fortelje og argumentere munnleg og skriftleg og bruke språket på kreative måtar • bruke komma og andre skiljeteikn i tekstar	Eleven skal: • korrigere eigen tekst med omsyn til rettskriving og formverk • ha rett skrivemåte for lydrette einskildord, lydrette samansette ord og høgfrekvente ord	Læraren bør: • arbeide med lesing dagleg og på ulike måtar: lærarassistert høgtlesing, parlesing, korlesing, repetert lesing, rettleia lesing



• bruke fagspråk om setningsoppbygging og bøying av verb, substantiv og adjektiv i samtalar om språk og om eigne og andre sine tekstar • reflektere over korleis språkbruken vår påverkar andre, og korleis vi tilpassar og endrar språket i ulike situasjonar • samanlikne ord og uttrykk i norsk og andre språk	• ha gjennomgåande stor bokstav i særnamn og i ny setning etter punktum • ha rett bruk av punktum, spørjeteikn og utropsteikn • ha komma ved oppramsing og framfor «men» • kjenne til verb, substantiv og adjektiv og kunne forklare skilnaden mellom dei • vite at verb, substantiv og adjektiv blir bøygd på ulike måtar	• trene elevane på å nytte digitale verktøy og kunne bruke rettskrivingsfunksjonar • la elevane jobbe med stavingar og kunne setje lyd til ulike bokstavkombinasjonar/grafem (ng, kj-, sv-, skj- osv.) • la elevane øve på å ta bort og leggje til lydar i ord • arbeide systematisk med dei 220 mest brukte orda på nynorsk • nytte adjektivforteljingar • ha diktat jamleg • nytte “ord i veka” på vekeplan eller liknande
---	--	--

Kjerneelement - Språkleg mangfald		
Kompetansemål etter 4. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • samanlikne ord og uttrykk i norsk og andre språk • utforske og samtale om språkleg variasjon og mangfald i nærmiljøet • utforske forskjellar og likskapar mellom skrivning på hovudmål og sidemål	Eleven skal: • ha kunnskap om norsk og enkelte andre språk • vite om ord som er like på norsk og andre språk og forstå korleis ord frå andre språk kjem inn i språket vårt • kjenne til at me har ulike dialektar og seie noko om kvifor det er slik • vite kva morsmål er • få forståing for at somme har eit anna morsmål	Læraren bør: • bruke døme frå klassen - hjartespråk • la elevane lære enkle ord frå morsmålet til medelevar, som til dømes å øve på å seie “god dag” • la elevane synge songar på svensk og dansk, og snakke om kva som er likt/ulikt norsk • la elevane sjå svenske og danske tv-program



3. Kompetansemål etter 7. steg

Kjerneelement - Tekst i kontekst		
Kompetansemål etter 7. steg	Læringsmål/Delmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • lese lyrikk, noveller, fagtekstar og annan skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk, svensk og dansk og samtale om formål, form og innhald • lese samiske tekstar på norsk og samtale om verdiane som kjem til uttrykk, og korleis stadnamn og personnamn som inneheld dei samiske bokstavane, blir uttalte • bruke lesestrategiar tilpassa formålet med lesinga • orientere seg i faglege kjelder på bibliotek, og digitalt, vurdere kor pålitelege kjeldene er, og vise til kjelder i eigne tekstar	Eleven skal: • få tilgang til eit rikt utval tekstar i ulike skjønnlitterære og sakprosasjangrar på bokmål, nynorsk, svensk, dansk og oversett samisk • utvikle kunnskap om eigen lesedugleik slik at eleven er i stand til å overvake eiga språkforståing og ta stilling til om ein tekst vil vere mogeleg å skjønne • auke den indre motivasjonen og engasjementet for lesing • bli medviten om eigne lesepreferansar • utvikle forståing for at lesing er viktig for vidare kunnskapstileigning • bli kjend med sjangeren fagtekst og kunne seie noko om kjenneteikn og oppbyggnad • bli kjend med sjangeren novelle og kunne seie noko om kjenneteikn og oppbyggnad • bli kjend med sjangeren dikt og kunne seie noko om kjenneteikn og oppbyggnad • kjenne kort til samisk historie og fornorskingspolitikken • lese tekstar av samiske forfattarar og samtale om dei • både lære og nytte ulike lesestrategiar for å skjønne, hugse og lære	Læraren bør: • aktivere førforståing og forventningar til tekstane me les ved bruk av t.d. samtale og tankekart • nytte seg av "femords-regelen" • gi elevane tilgang til oppdatert litteratur som er tilpassa elevane sin lesedugleik • la elevane lese ulike sjangrar innan både skjønnlitteratur og sakprosalitteratur • presentere litteratur på bokmål, nynorsk, svensk, dansk og samisk omsett til norsk • la elevane lese sjølvvald litteratur jamleg under tett oppfylgning frå læraren • gi konkrete attendemeldingar om innsats, strategibruk og val av tekst • setje klare individuelle meistringsmål slik at elevane veit kva dei skal jobbe mot • påverke leseforståing ved bruk av strategiar og bakgrunnskunnskap • tilpasse lesing i alle fag med klar lesebestilling slik at elevane blir meir aktive i høve til eiga lesing • lese høgt for elevane jamleg • la elevane lese høgt for medelevar eller vaksne jamleg



	• utvikle repeteringsstrategiar for å velje ut og repetere informasjon frå ein tekst som ein ønskjer å hugse • utvikle utdjupingsstrategiar for å få ei heilskapleg og god meining ut av teksten • utvikle organiseringstrategiar for å skape eit oversyn over tekstinnehaldet, slik at det blir skapt djup forståing og god læring • utvikle overvakingstrategiar for å kunne vurdere og/eller kontrollere eiga leseforståing	• jamleg skape interesse for litteratur og stimulere til leseglede til dømes gjennom leseprosjekt, bruk av bibliotek og ressurspersonar • etablere leseven(er) • leggje til rette for at fleispråklege elevar blir motiverte ved å få ei positiv tilnærming til lesing på morsmålet • nytte ulike repeteringsstrategiar ○ streke under ord og setningar i teksten ○ streke under ord og setningar i teksten ○ skrive av sentrale setningar og avsnitt frå teksten ○ lese delar av teksten om att fleire gongar ○ nytte visuelle haldepunkt for å hugse • nytte ulike utdjupingsstrategiar: ○ tenkje på ting ein har sett, høyrte eller lært om før ○ aktivere bakgrunnskunnskap ○ nytte VØL-skjema • nytte ulike organiseringstrategiar: ○ skaffe seg oversyn over læringsstoffet (BISON/SALTO) ○ nøkkelord ○ tankekart ○ kolonnenotat ○ rammenotat ○ vennediagram ○ omgrepskart
--	--	--



		○ prosessnotat ○ styrkenotat med meir • nytte ulike overvaksingsstrategiar: ○ vurdere vanskegraden på ein tekst ○ overvake, stoppe opp og klare opp når ein møter ord ein ikkje skjøner ○ stille seg sjølv spørsmål frå teksten utan å ha tilgjenge til boka ○ fortelje att innhaldet til nokon andre ○ samtale om innhaldet
--	--	--

Kjerneelement – Kritisk tilnærming til tekst		
Kompetansemål etter 7. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • orientere seg i faglege kjelder på bibliotek og digitalt, vurdere kor pålitelege kjeldene er, og vise til kjelder i eigne tekstar • bruke lesestrategiar tilpassa formålet med lesinga • lytte til og vidareutvikle innspel frå andre og grunngi eigne standpunkt i samtalar	Eleven skal: • kunne lese og navigere føremålstenleg på internett for å finne informasjon. • nytte kjelder i eigen tekstsaking • kunne vurdere om kjeldene er truverdige • kunne skrive ei kjeldeliste etter gjeldande regelverk • ta i mot framovermelding om eigne tekstar og nytte desse til å forbetre dei • kunne ta i mot og gje konstruktiv kritikk og sjå på det som eit verktøy i tekstsakinga	Læraren bør: • la elevane øve på å skrive kjelder etter APA • nytte kartlegging/testar for å finna den einskilde eleven sitt meistringsnivå for å tilpasse leseopplæringa • utvide ordforrådet ved å jobbe med synonym, antonym, homonym og kategorisering av ord i alle fag • nytte biblioteket aktivt og regelmessig • arbeide systematisk med ordforråd/vokabulartrening i alle fag



reflektere etisk over korleis eleven framstiller seg sjølv og andre i digitale medium.	- ha kunnskap om sosiale medium og kva retningslinjer som gjeld for desse - ha kunnskap om personvern og nettvett	- la elevane nytte røynsler frå eige liv, og øve på å knytte nytt tekstinnhald til eigen bakgrunn - ha tilgjengeleg eit variert og oppdatert utval av bøker - setje av tid til individuell lesing kvar dag med aldersadekvate tekstar - la elevane øve på lesing både på skjerm og papir - la elevane lese KI-genererte tekstar og reflektere over særtrekk
--	---	---

Kjerneelement – Munnleg kommunikasjon		
Kompetansemål etter 7. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: - presentere faglege emne munnleg med og utan digitale ressursar - reflektere etisk over korleis eleven framstiller seg sjølv og andre i sosiale medium - orientere seg i faglege kjelder på bibliotek og digitalt, vurdere kor pålitelege kjeldene er, og vise til kjelder i egne tekstar - lytte til og vidareutvikle innspel frå andre og grunngi egne standpunkt i samtalar	Eleven skal: - kunne variere røysta for å framheve sentrale poeng - fortelje om eit fagleg emne ved hjelp av relevante ord og omgrep - planleggje, utforme og gjennomføre munnlege presentasjonar - velje digitale ressursar og andre verkemiddel medvite - tilpasse språk, ressursar og verkemiddel til føremålet, situasjonen og tilhøyrarane - kjenne att og forklare skilnaden mellom informasjon og argumentasjon - forklare skilnaden mellom fakta og meiningar	Læraren bør: - la elevane samanfatta tekstinnhald med egne ord gjennom illustrasjonar, leik, rollespel, skrive samandrag med meir - legge til rette for samtalar og diskusjonar i klassen - la elevane øve på å bruke fagomgrep - la elevane trene på å stille spørsmål og søkje etter svar i teksten - la elevane nytte ulike uttryksformer til å informere om eit tema, som t.d. presentasjonar – PP, plakatar, teikneseriar, podcast og film



• leike med språket og prøve ut ulike verkemiddel og framstillingsmåtar i munnlege og skriftlege tekstar • beskrive, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål • utforske og beskrive samspelet mellom skrift, bilete og andre uttrykksformer og lage egne samansette tekstar. • samanlikne talespråk i nærmiljøet med andre talespråkvariantar i Noreg og med nabospråk	• gje uttrykk for og argumentere for egne meiningar • ta utgangspunkt i innspel frå andre og vidareutvikle dei gjennom samtalen • gje innspel til andre i ein samtale • nytte egne røynsler i fagleg arbeid	• la elevane nytte “<i>Two stars and a wish</i>” til å gje attendemeldingar til medelevar • la elevane ha munnlege presentasjonar i par eller i grupper • la elevane lage instruksjonsfilmar • aktivt bruke rollespel og skodespel, mellom anna for å øve på kvardagslege situasjonar som å ta ein telefon, gå i butikken og snakke med ulike mottakarar og tilpasse språket til desse • la elevane lese for yngre elevar jamleg og gjerne sett i system • praktisere modellering ved at lærar les høgt • ha assistert høgtlesing: høgtlesing/korlesing/parlesing/veksellesing/ repetert lesing
--	---	---

Kjerneelement – Skriftleg tekstskaping		
Kompetansemål etter 7. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • orientere seg i faglege kjelder på bibliotek og digitalt, vurdere kor pålitelege kjeldene er, og vise til kjelder i egne tekstar • skrive tekstar med funksjonell handskrift og med flyt på tastatur	Eleven skal: • kunne bruke komma, punktum, utropsteikn, spørjeteikn og hermeteikn og vurdere kor det er naturleg å leggje inn pausar i teksten • kunne rett skrivemåte både for lydrette og ikkje-lydrette ord	Læraren bør: • repetere sjangrar elevane har arbeidd med på småtrinnet, og gjere dei kjend med nye sjangrar og trekk ved desse • la elevane skrive saktekst og nytte ulike kjelder for å finne informasjon



• leike med språket og prøve ut ulike verkemiddel og framstillingsmåtar i munnlege og skriftlege tekstar • beskrive, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål • skrive tekstar med tydeleg struktur og meistre sentrale reglar for rettskriving, ordbøying og teiknsetjing • gi tilbakemelding på medelevar sine tekstar ut frå kriterium og bruke tilbakemeldingar i vidare arbeid med egne tekstar • bruke fagspråk og kunnskap om ordklassar og setningsoppbygging i samtale om egne og andre sine tekstar • utforske og beskrive samspelet mellom skrift, bilete og andre uttrykksformer og lage egne samansette tekstar • prøve ut skriving av tekstar på sidemål	• kunne nytte stor bokstav i særnamn og etter punktum • kunne korrekt skriving av samansette ord • vurdere og samanlikne egne og andre sine tekstar • gje positiv og grunngjeven respons til andre elevar sitt arbeid • revidere eige arbeid etter konkret og grunngjeven respons frå læraren og medelevane • nytte ulike kjelder som grunnlag for skriving • tilpasse tekst og språk til mottakar • skrive tekstar i ulike sjangrar som rettar seg etter sjangerkrav og nyttar relevante verkemiddel • kjenne til og kunne skrive novelle og fagtekst • kunne skrive ein argumenterande tekst • ha tematisk samanheng mellom og innanfor dei ulike delane av tekstar • nytte varierte og nyanserte bindeord • ha variasjon i byrjinga av setningar • nytte relevante, varierte og presise ord og omgrep • nytte varierte språklege verkemiddel som overdrivingar, humor, ironi, metafor, samanlikningar og kontrast	• la elevane lære omgrep og uttrykk som er knytt til emnet det skal skrivast om • la elevane nytte skriverammer for å gruppere og prioritere innhaldet • gjennomføre samskriving kor lærar og elevar skriv saman • la elevane få kome med innspel til innhald og språk • la elevane arbeide med språklege detaljar som stavingar, morfem, bøying av ord, høgfrekvente ord, ikkje regelrette ord, komplekse ord med meir • stille spørsmål undervegs for å få elevane til å reflektere og velje rett i høve til føremålet med teksten • praktisere VFL – læraren og elevane utarbeider saman vurderingskriterium for skriveoppgåva • gje respons på eleven sitt arbeid gjennom heile skriveprosessen • lese og undersøkje modelltekstar i lag med elevane • sjå på teksten sin struktur og språktrekk med tanke på teksten sitt føremål og kontekst saman med elevane • la elevane jobbe individuelt eller saman med å planleggje, skrive utkast og revidere tekstane sine • la elevane samanlikne tekstar på nynorsk og bokmål, og sjå kva som er likt og ikkje
---	--	---



		• la elevane øve på å skrive tekstar med innleiing, hovuddel og avslutning • la elevane øve seg på å dele tekstar inn i avsnitt som startar med ei tydeleg temasetning
--	--	--

Kjerneelement - Språket som system og moglegheit		
Kompetansemål etter 7. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • leike med språket og prøve ut ulike verkemiddel og framstillingsmåtar i munnlege og skriftlege tekstar • bruke fagspråk og kunnskap om ordklassar og setningsoppbygging i samtale om eigne og andre sine tekstar • skrive tekstar med tydeleg struktur og meistre sentrale reglar for rettskriving, ordbøying og teiknsetjing	Eleven skal: • kunne nytte ordklassane verb, substantiv, adjektiv, pronomen, preposisjonar, konjunksjonar, subjunksjonar, adverb, determinativ og interjeksjonar • kunne meistre ortografisk lesing • kunne skjønne ulike omgrep i ulik kontekst • kunne tolke og skjønne innhald som er uttrykt både implisitt og eksplisitt i tekstar • strukturere teksten ved hjelp av tematiske avsnitt • kunne analysere ei setning • nytte varierte og nyanserte bindeord • kunne bruke komma, punktum, utropsteikn, spørjeteikn og hermeteikn • kunne rett skrivemåte både for lydrette og ikkje-lydrette ord • kunne stor bokstav i særnamn og etter punktum • kunne korrekt skriving av samansette ord	Læraren bør: • aktivt bruke språkleikar • la elevane jobbe med setningsanalyse for å finne verbal, subjekt, indirekte og direkte objekt • la elevane jobbe med å skrive verb konsekvent i rett tid når ein skriv eigne tekstar • trene på bruk av «og» og «å» ved til dømes å samanlikne med engelsk og “preteritums-testen”. • trene elevane i å kunne nyttiggjere seg av retteprogram i Word og Lingdys i eige tekstarbeid • trene elevane i å nytte Aski-raski og andre digitale verktøy • lære elevane å bøye verb, substantiv og adjektiv og arbeide med desse og andre ordklassar på ulike måtar: ○ lage ordklasseplakat med definisjon og døme



	• kunne bruke komma ved oppramsing, mellom heilsetningar og etter leddsetningar som står først i hovudsetninga • nytte ulike kjelder som grunnlag for skriving	○ bruke elevane sine egne tekstar til å finne og rette opp i feil, anten ein og ein, i små grupper eller i heil klasse ○ nytte ulike leikar som gruble, adjektivhistorie, stafett o.l. ○ nytte bøyingsskjema • jobbe med avsnitt/setningar utan teiknsetting, kor elevane skal setje rett teikn, anten ein og ein, i små grupper eller i heil klasse • bli kjend med og lære seg å nytte www.ordbokene.no
--	---	---

Kjerneelement - Språkleg mangfald		
Kompetansemål etter 7. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • lese samiske tekstar på norsk og samtale om verdiane som kjem til uttrykk, og korleis stadnamn og personnamn som inneheld dei samiske bokstavane, blir uttalte • samanlikne talespråk i nærmiljøet med andre talespråkvariantar i Noreg og med nabospråk	Eleven skal: • kjenne til fornorskinga og kva konsekvens den har hatt for samisk språk og kultur • forstå at me har ulike dialektar og vite om enkelte kjenneteikn for dei mest kjende dialektane • vite kva som er typisk for sin eigen dialekt, og kva som skil han frå andre dialektar • forstå at ein varierer språket etter kven ein snakkar med, og vite kvifor det er slik • vite kva nabospråk er • kjenne til korleis identitet og slang påverkar talespråket	Læraren bør: • la elevane høyre på musikk og sjå filmar som viser ulike dialektar • legge til rette for at elevane får tilgang til bøker og tekstar av samiske forfattarar • lese bøker av samiske forfattarar saman med elevane • gi elevane tilgjenge til ulike typar litteratur innan skjønnlitteratur og sakprosa



• utforske og reflektere over sammenhengen mellom språk og identitet	• kjenne til korleis det engelske språket kjem inn i det norske, og kva det gjer med språket vårt	• la elevane lære omgrep og uttrykk som er knytt til emnet det skal snakkast om • diskutere kva ord i daglegtalet til elevane som er lånord frå andre språk
--	---	---



4. Kompetansemål etter 10. steg

Kjerneelement - Tekst i kontekst		
Kompetansemål etter 10. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og reflektere over formål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel i tekstane • samanlikne og tolke romanar, noveller, lyrikk og andre tekstar frå historisk kontekst og eiga samtid • beskrive og reflektere over eigen bruk av lesestrategiar i lesing av skjønnlitteratur og sakprosa • utforske og reflektere over korleis tekstar framstiller livssituasjonen til unge	Eleven skal: • bli motivert og engasjert i lesinga si • oppleve glede, nyfikne og interesse for lesing, både for saktekst og skjønnlitteratur • kunne forklare kontekst • lese tekstar frå ulike sjangrar • kjenne igjen sjangertrekk frå ulike sjangrar • kjenne igjen verkemiddel og korleis dei blir nytta i ulike sjangrar • kjenne til kva føremål dei ulike sjangrane har • kunne samtale om innhaldet i tekstane dei les, kva dei tyder, og kvifor dei er skrivne • få leseoppdrag som utviklar både refleksjon og engasjement • vere medviten ulike lærings- og lesestrategiar, og kva som fører fram til læring • ha kunnskap om korleis litteraturen speglar, og har spegla, samfunnet	Læraren bør: • la elevane lese og tolke noveller, romanar, eventyr og lyrikk frå ulike forfattarar på ulike språk • la elevane lese tekstar frå ulike tidsperiodar og samanlikne desse • la elevane øve på å vurdere teksten kritisk ved å sjå innhaldet i teksten i lys av forfatternen og forfatternen si samtid • lese heile romanar saman med elevane, og leggje til rette for at dei kan lese på eiga hand (t.d. ved bruk av klassesett med bøker) • nytte skule- og folkebiblioteket aktivt • legge til rette for at elevane får velje bøker og tekstar etter eigne interesser og dugleik • la elevane nytte ulike lesestrategiar • la elevane ha litterære samtalar om det ein les tilpassa sjanger • la elevane lese saktekstar i dei ulike faga, forstå føremålet med desse og gjere spesifikke leseoppgåver som fremjar læring og vidare motivasjon • stille spørsmål som krev refleksjon over det elevane har lese, både munnleg og skriftleg (til dømes leselogg) • variere undervisninga slik at ho fremjar leselyst (parlesing, høgtlesing, stillelesing, shared reading, dele leseopplevingar med meir)



		• trene elevane i å orientere seg i teksten, studera paratekstane (overskrifter, innholdslistar, margtekstar, tekstboksar, bilete, osv.) • aktivere førforståing og forventningar til tekstar (samtale, tankekart og andre typar førlesingsskjema)
--	--	--

Kjerneelement – Kritisk tilnærming til tekst		
Kompetansemål etter 10. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og reflektere over formål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel i tekstane • beskrive og reflektere over eigen bruk av lesestrategiar i lesing av skjønnlitteratur og sakprosa • kjenne att og bruke språklege verkemiddel og retoriske appellformer • bruke kjelder på ein kritisk måte, markere sitat og vise til kjelder på ein etterretteleg måte i eigne tekstar • utforske og vurdere korleis digitale medium påverkar og endrar språk og kommunikasjon	Eleven skal: • lære å samanlikne ulike kjelder og nytte kjelder kritisk i informasjonsinnhentinga • jobbe med kjeldekritikk, og kva som kjenneteiknar kjelder ein kan stole på • kunne vise til kjelder i tekst ved direkte sitat, samt parafrasere • kunne skrive ei kjeldeliste etter APA7 • kunne skilje ulike tekstsjangrar frå kvarandre, fortelje kva som kjenneteiknar dei og kva føremål dei har • vere bevisst kven mottakar og avsendar i ein tekst er, og korleis det kan påverke innhaldet • lære dei retoriske appellformene, og korleis dei blir, og kan bli nytta • samtale kritisk kring korleis ein kan framstille seg sjølv på sosiale medium gjennom eigne ytringar	Læraren bør: • trene elevane i å skrive bokkjelder og internettkjelder etter APA7 • drøfte KI som kjelde • nytte samtale og diskusjon om bruken av kunstig intelligens i eige arbeid og i samfunnet generelt • undervise i dei retoriske appellformene etos, patos og logos • la elevane lese ulike tekstar og grunngi kven dei trur teksten er skriven til • la elevane lese ulike tekstar og innlegg på internett og sosiale medium for å vise kvifor/kvifor ikkje dei er truverdige kjelder • arbeide med oppgåver som bevisstgjer elevane på kva verkemiddel som vart brukt i reklamar o.l. • la elevane lage eigne reklamar der dei nyttar ulike verkemiddel



	• utvikle medvit kring korleis ein kan bli påverka av einsidige meningsytringar på sosiale medium	
--	---	--

Kjerneelement – Munnleg kommunikasjon		
Kompetansemål etter 10. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • kjenne att og bruke språklege verkemiddel og retoriske appellformer • bruke fagspråk og argumentere sakleg i diskusjonar, samtalar, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema • informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium • uttrykkje seg i ulike sjangrar og eksperimentere med sjangrar på kreative måtar • lage samansette tekstar og grunngi val av uttrykksformer	Eleven skal: • kunne bruke, forstå og gjere greie for språklege verkemiddel i andre sine og eigne tekstar • kunne forstå og nytte dei retoriske appellformene etos, patos og logos i munnlege sjangrar • kunne argumentere og diskutere på ein sakleg måte, og sjå fleire sider av ei sak • kunne delta i diskusjonar og grunngi eigne meiningar • kunne tilpasse sjanger, språk, verkemiddel og ressursar til føremålet, situasjonen og tilhøyrarane • lytte ut og skjønne konkurrerende informasjon i munnlege tekstar • skilje mellom informerande tekst og argumenterande tekst • planleggje, utforme og gjennomføre munnlege presentasjonar	Læraren bør: • la elevane lese og lytte til tekstar og analysere desse for å finne kva retoriske og språklege verkemiddel som er brukt i dei • la elevane bruke eigne tekstar som utgangspunkt for samtale kring sjanger, oppbygging og verkemiddel • legge til rette for at elevane kan førebu seg til, og delta i debatt • la elevane øve på å sjå fleire sider av ulike saker, og kunne argumentere for desse • utvikle sjangermedvit gjennom opne oppgåver der elevane sjølve må velje kva sjanger som er mest passande • leggje til rette for at elevane får produsere ulike munnlege tekstar som podcast, kåseri og føredrag • øve på å snakke/skrive til ulike mottakarar, og kunne tilpasse språket deretter. Til dømes presentere barnebok for barneskulen



	• velje digitale ressursar og andre verkemiddel medvite • nytte relevante omgrep og fagspråk • gje konkret og konstruktiv respons	
--	---	--

Kjerneelement – Skriftleg tekstskaping		
Kompetansemål etter 10. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • kjenne att og bruke språklege verkemiddel og retoriske appellformer • bruke kjelder på ein kritisk måte, markere sitat og vise til kjelder på ein etterretteleg måte i eigne tekstar • bruke fagspråk og argumentere sakleg i diskusjonar, samtalar, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema • informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium • skrive tekstar med funksjonell tekstbinding og riktig teiknsetjing	Eleven skal: • kunne vite forskjell på saktekst og skjønnlitteratur • kunne vite kva ein fagartikkel er og korleis den er bygd opp. • kunne vite kva tema- og kommentarsetningar er, og kunne bruke desse i eige arbeid. • kunne lage ein disposisjon • kunne nytte eit enkelt, klart og forståeleg fagspråk til å skrive ein fagartikkel • kunne finne informasjon frå ulike kjelder, vise til kjelder i eigen tekst og skrive kjeldeliste • kunne kjenneteikna på eit diskusjonsinnlegg og ein debattartikkel • kunne kjenne att og bruke ulike måtar å argumentere på	Læraren bør: • la elevane lese, og skrive tekstar i, ulike sjangrar som fagartikkel, argumenterande tekstar, noveller, romanar eventyr og dikt (digitale ressursar, TXT, lærebok) • samtale om og arbeide skriftleg med sjangertrekk og verkemiddel som høyrer til dei ulike sjangrane • skrive modelltekstar saman med elevane • la elevane skrive ulike tekstar i grupper • bruke skriverammer og la elevane fylle dei ut før dei skal skrive tekst • trene på god tekststruktur ved å la elevane øve seg på å dele tekstar inn i avsnitt som startar med ei tydeleg temasetning og utfyllande kommentarsetningar • drive med prosesskriving, der det er korte skriveøkter kor elevane til dømes får attendemelding på innhald/sjangertrekk først, deretter på språk • la elevane får revidere tekstane dei skriv etter attendemelding



og meistre rettskriving og ordbøying på hovudmål og sidemål • bruke fagspråk og kunnskap om grammatikk, tekststruktur og sjanger i samtale om og vidare arbeid med tekstar • uttrykkje seg i ulike sjangrar og eksperimentere med sjangrar på kreative måtar • lage samansette tekstar og grunngi val av uttrykksformer	• kunne kjenne att og bruke ulike appellformar (retoriske verkemiddel) • kunne bruke ordbok som hjelpemiddel • kunne lese, forstå, reflektere og snakke om innhaldet i noveller • lære å kjenne igjen roman- og novellesjangeren og skrive noveller sjølv • kunne lese mellom linjene i ulike noveller • lære ulike måtar å skrive innleiing og avslutning på • lære korleis me skriv med ulike synsvinklar • kunne bruke skildring og utviding av augneblinken (innzooming) i eigen tekst • kunne forstå og nytte språklege verkemiddel: kontrast, symbol, språklege bilete (metafor, samanlikning), besjeling, gjentaking og frampeik • lære korleis ein nyttar grep som: korte setningar/auka tempo, ikkje avsløre alt med ein gong, vise i staden for å seie, in medias res og retrospekt • kunne kjenne att <i>sjangertrekk</i> i klassiske og moderne eventyr: 3-talslova/magiske tal (3-7-	• gjere elevane kjende med vurderingskriteria før dei byrjar å skrive • la elevane vere med å utarbeide vurderingskriteria • la elevane gi respons på kvarandre sine tekstar etter gitte kriterium
--	---	--



	12), faste typar (enten snille eller slemme), gjentakning , overnaturlige vesen, helt/heltinne, ubestemt stad, ubestemt tid, ikkje namngjevne personar, fast start- og avslutningsformel, faste ord og vendingar • kunne skrive eit moderne eventyr • kunne meistre grammatikken i hovudmålet sitt • meistre alle typar teiknsetjing, og ha rett skrivemåte for alle typar ord • seie noko om kvaliteten på eigne og andre sine tekstar, og korrigere eigen tekst med bakgrunn i dei reglane han/ho har lært for setningsoppbygging og rettskriving • sjølvstendig tilpasse sjanger, innhald og strukturen i eigne tekstar etter føremål og mottakar	
--	---	--



Kjerneelement - Språket som system og moglegheit		
Kompetansemål etter 10. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • kjenne att og bruke språklege verkemiddel og retoriske appellformer • utforske og vurdere korleis digitale medium påverkar og endrar språk og kommunikasjon • skrive tekstar med funksjonell tekstbinding og riktig teiknsetjing og meistre rettskriving og ordbøying på hovudmål og sidemål • bruke fagspråk og kunnskap om grammatikk, tekststruktur og sjanger i samtale om og vidare arbeid med tekstar • uttrykkje seg i ulike sjangrar og eksperimentere med sjangrar på kreative måtar	Eleven skal: • vere godt kjend med ordklassane verb, substantiv og adjektiv og kan bøye/gradbøye desse. • kjenne til dei andre ordklassane adverb, pronomen, konjunksjonar, subjunksjonar, preposisjonar, determinativ og interjeksjonar • skrive konsekvent i rett verbtid når han/ho skriv eigne tekstar • kunne meistre grammatikken i hovudmålet sitt • kunne uttrykkje seg grammatisk riktig på sidemålet sitt • nytte punktum, komma, spørjeteikn og utropsteikn rett i eigne tekstar • nytte dialogteikn (replikkstrekk eller hermeteikn) • kunne nytte støtteprogram som Lingdys og ressursar i Word i eige tekstarbeid • kunne seie noko om den grammatiske kvaliteten på eigen og andre sine tekstar, og korrigere eigen tekst med bakgrunn i dette • nytte samansette tekstar for å skape betre forståing i faga. • lese høgt med flyt og intonasjon	Læraren bør: • repetere ordklassar og arbeide med desse på ulike måtar: ○ lage ordklasseplakat med definisjon og døme ○ nytte digital ordbok og bli kjend med bøyings skjema ○ bruke elevane sine eigne tekstar til å finne og rette opp i feil, anten ein og ein, i små grupper eller i heil klasse ○ nytte ulike leikar som gruble, adjektivhistorie, stafett o.l. • jobbe med avsnitt/setningar utan teiknsetting, kor elevane skal setje rett teikn, anten ein og ein, i små grupper eller i heil klasse • jobbe med kva teiknsetjinga har å seie i høve til flyt, intonasjon og teksten sin bodskap • la elevane omsette frå/til nynorsk/bokmål, anten ein og ein, i små grupper eller i heil klasse • lære elevane å bruke Lingdys og retteprogram i Word på ein hensiktsmessig måte • modellere leseflyt og intonasjon • lese tekstar høgt i alle fag og i samsvar med teksten sitt innhald/sjanger og bodskap • utvide ordforrådet ved å jobbe med synonym, antonym og homonym



	• lese, skrive og skjone dei fleste orda dei møter i tekstane som vart nytta i undervisinga • kunne nytte ordbøker for å slå opp nye og vanskelege ord og omgrep	
--	---	--

Kjerneelement – Språkleg mangfald		
Kompetansemål etter 10. steg	Læringsmål	Døme på tiltak
Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: • forklare den historiske bakgrunnen for bokmål og nynorsk og reflektere over statusen til dei offisielle språka i Noreg i dag • utforske språkleg variasjon og mangfald i Noreg og reflektere over haldningar til ulike språk og talespråkvariantar • utforske og vurdere korleis digitale medium påverkar og endrar språk og kommunikasjon • lytte til og lese tekstar på svensk og dansk og gjere greie for innhald og språklege trekk	Eleven skal: • kunne gjere greie for den norske språkhistoria • kjenne til samisk språkpolitikk i Noreg • kunne forskjell på skriftspråk og talespråk • kunne reflektere rundt dei norske skriftspråka • kunne reflektere over korleis språket har endra seg med innblanding frå andre språk som til dømes engelsk • kunne gjere greie for multietnolektisk stil • kunne forklare kva dialekt og sosiolekt er • kunne gjere greie for dei fire hovudinndelingane av dialektane i Noreg • kunne forklare kva eit målmerke er • kunne kjenne igjen og finne målmerka: rulle-/skarre-r, blaute konsonantar, tjukk/tynn l, personleg pronomén, palatalisering, apokope og nektingsadverb • kunne reflektere rundt korleis sosiale medium påverkar talemål og skriftspråk • kunne reflektere over korleis teknologi påverkar skriftspråk • ha kjennskap til språka i Norden og Skandinavia • kunne gjere greie for språklege trekk i svensk og	Læraren bør: • la elevane lese fagstoff og sjå videoar om norsk språkhistorie, og skrive notat saman eller kvar for seg • la elevane øve på å lage kolonnennotat for å setje opp fordelar og ulemper med fleire skriftspråk • spele av lydklipp av ulike dialektar og utvalde målmerke • la elevane forsøke å snakke på ulike dialektar og etterlikne lydane målmerka gir • la elevane lese tekstar skrivne i multietnolektisk stil • la elevane reflektere rundt kva for slangord og kebabnorske ord, ungdom i kommunen nyttar • lage liste over alle dei engelske orda vi nyttar i daglegtalen vår saman med elevane



	dansk • kunne gjere greie for innhaldet i svenske og danske tekstar	• samtale med elevane over om ungdom sitt språk skil seg frå eldre generasjonar sitt, og eventuelt kva som er annleis og kvifor • la elevane lese tekstar på dansk og svensk • la elevane samanlikne nynorsk og svensk skriftspråk, og bokmål og dansk skriftspråk
--	--	--

5. Vurdering for læring

Vurderingsforskrifta stadfestar at «*Formålet med vurdering i fag er å fremje læring og lærelyst og å gi informasjon om kompetanse undervegs og ved avslutninga av opplæringa i faga. Grunnlaget for vurdering i eit fag er kompetansemåla i læreplanen i faget*»¹. I Sveio kommune skal dette arbeidet skje tråd med «*Kartleggingar, observasjonar og testar for barnehage og skule i Sveio kommune*» og «*Rutine for å sikre læringsutbyttet til elevane*». I arbeidet med alle kjerneelementa og gjennom heile læringsløpet skal «Vurdering for læring» vera ein hjørnestein.

1. Målorientert undervisning

Elevane skal vite kva dei skal lære og kva som kjenneteiknar god måloppnåing.

2. Tilrettelegging for læring

Lærar skal leggje til rette for gode diskusjonar og læringsaktivitetar som syner elevane si forståing.

3. Tilbakemelding

Læraren skal gi tilbakemeldingar som er konstruktive og hjelper elevane med å forstå korleis dei kan forbetre seg.

Lærar skal gi framovermeldingar som beveger elevane vidare i læringsprosessen

4. Medelevvurdering

Ein skal aktivisere elevane som ressursar for kvarandre si læring.

¹ <https://lovdata.no/forskrift/2024-06-03-900/§9-1>



5. Eigenvurdering

- Ein skal aktivisere eleven som eigar av eiga læring
- Elevane skal lære å vurdere eige arbeid og utvikle evna til å lære å lære.

6. Ressurssamling for språk- og leseopplæring

Nasjonale fagressursar

Desse ressursane gir støtte til undervisning i lesing, skriving og språk i alle fag:

- [LK20](#)– Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020
 - [Lesesenteret](#)– Forsking og ressursar for lesing i alle fag
 - [Skrivesenteret](#)– Ressursar for skriving i alle fag
 - [UiS- Språkløyper](#)– Kompetanseutvikling i språk, lesing og skriving
 - [Nynorsksenteret](#)– Undervisningsressursar for nynorsk
- [Slik kan skolen øke elevens leseferdigheter og leselyst | udir.no](#)

Litteratur og leseglede

Nettstader som fremjar leselyst og gir boktips:

- [Nynorsk bok](#)– Boktips frå Nynorsksenteret
- [Foreningen!les](#)– Kampanjar og prosjekt for å fremje lesing

Språk og grammatikk

Verktøy og ressursar for arbeid med språkstruktur og ordklassar:

- [Nynorskressursar - Språkrådet](#)
- [norsksidene- ordklassar](#)
- [Nynorsk kurs - Norsk \(PB\) - NDLA](#)
- [kjetilskolen.no- nynorsk kurs](#)
- [ordbøkene.no](#)

Fleirspråklegheit og tilpassa opplæring

Ressursar for fleirspråklege elevar og spesialpedagogisk støtte:

- [Det flerspråklige bibliotek](#)– Bøker på mange språk



- morsmaal.no- Tospråklege fagtekstar og lydfiler
- [oslomet.no- bildetema](http://oslomet.no/bildetema)– Visuelle og lydlege språkressursar
- [Statped-](#) Spesialpedagogisk leseopplæring
- [Dysleksivennlig skole - Dysleksi Norge](#)

Utforskande læring

Prosjektbasert læring som kombinerer språk og fag:

- [Nysgjerrigper](#) – Forskarspireprosjekt for elevar